

## Fengslet i Elisabethstrasse.

Skulde eg gje dette fengslet nokon attest so måtte det vere: Det var eit mykje godt fengsel. Fengselsvaktaren såg ut til å vere ein gentleman, det var ikkje noko brøl med han. Han var sikkert oppimot 70 år, og såg trøytt ut, som alle tyskarane me kom saman med. ( På vegen melleom Stettin og Berlin stogga toget på mange stasjonar, store og små, men me kunde ikkje oppdege ein smil på noko menneskje, Dei fleste gjekk klædde i svart.)

Me fekk ein heil sal med 26 sengjer til rådvelde, og sette oss straks i respekt mellom dei andre fangane i fengslet. Det var berre me nordmenn i denne salen, men me hadde besøk av eit par gan-gutar, deriblandt ein sjømann frå Austerrik ( ( utruleg at det kan vere sjøfolk i Austerrik). Eg måtte ut med nokre sigarettar eg hadde hamstra - det var lett for meg å hamstre tobakk-, so øykje me kunde få eit eksemplar av Nord Pommerisch Zeitung, eit blad med format som Helgestunder, Var det verkeleg so smått med dei tyske blada alt ?. Russarane gjorde stor framgang på austfronten. I det heile var det gode tidender frå krigen.

So morosamt som me hadde det i fengslet trur eg ikkje eg har hatt det på lang tid. Erling Hied fortalde skrøner so me låg flate av lått. Her vart eg kjend med Hjalmar Steenstrup, Han hadde ikkje vore på Grini, men vart overført direkte på frå Illergata til transporten. Hjalmar Steenstrup var framleis fornarn i Sagtrygd. Han hugsa at han hadde vore i Levik, og fortalde Om ein tur han hadde hatt over fjellet frå Matre til Fuglsetfjorden. Han kjende godt Ola Osland, og hadde fått sendt geitost frå han regelmessig. Men då sonen tok garden vart det slutt, han skulda på at han laut levere til meieriet. Hjalmar Steenstrup deklamerte diktet av Frøding Ur anabasis for oss, det gjorde ein alvorleg verknad, serleg ordet om at Xenofon såg kor helle- narne tross "hungersnød og frost og efterblivne døda kunde gladja seg nøya seg, og icke som barbarer bøye seg i skrakk for ødet" Av heile fangetida var det denne kvelden eg hadde mest utbytte av.